



Arkivnr: 2014/673-26

Saksbehandlar: Elizabeth Warren, Elisabeth Bjørsvik, Per Morten Ekerhovd

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		03.06.2014

## Prosjekt Kulturminnekompetanse i kommunane 2013 - 2016 (KIK). Fordeling av midlar til kommunane i 2014

### Samandrag

Saka gjeld fordeling av fylkeskommunal og statleg løyving til kommunane. Løyvingane skal nyttast til kulturminneregistrering og utarbeiding av kommunedelplan for kulturminne i samband med prosjektet *Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2016 (KIK)*.

I 2013 fordelte Riksantikvaren 1 million kroner til utvikling av kulturminnekompetansen i kommunane i Hordaland. Løyvinga gav grunnlag for oppstart av kulturminneplanar i fleire kommunar og Hordaland fylkeskommune etablerte prosjektet *Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2014*, jf. vedtak i FUV 30.01.2014, sak 14/2104. Prosjektet går over 4 år, med føresetnad om årlege løyvingar frå Riksantikvaren. I Hordaland fylkeskommune sitt årsbudsjett 2014 / økonomiplan 2014-2017 har fylkestinget lagt inn ei årleg ramme på 1 mill. kr til føremålet dei neste tre åra.

I saka er det framlegg om at alle kommunar som fyller krava sett i utlysinga og som har søkt innan fristen får tildelt minst kr 100 000,- til arbeid i 2014.

### Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet ber om føreseielege statlege rammer i frå Riksantikvaren i samband med kulturminneplanarbeid i kommunane.
2. Kultur- og ressursutvalet føreset at kommunane i prosjektet utarbeider kommunedelplan for kulturminne basert på brei medverknad, og med rettsverknad og politisk forankring heimla i plan- og bygningslova.
3. Kultur- og ressursutvalet løyver kr.1.400.000 av budsjettpost 10.400.735.84 slik:

	Kommune	Søknad reg.	Søknad plan	Tilskot reg.	Tilskot plan
1	Austevoll	100 000	100 000	100 000	0
2	Bømlo	100 000	100 000	100 000	0

3	Etne	100 000	100 000	0	100 000
4	Fedje	100 000		0	100 000
5	Fjell		100 000		100 000
6	Granvin	100 000		0	100 000
7	Kvam	100 000	100 000	100 000	0
8	Kvinnherad		100 000		100 000
9	Meland	100 000	100 000	100 000	0
10	Radøy		100 000		100 000
11	Stord	Ikkje spesifisert			0
12	Sund		100 000		100 000
13	Sveio		50 000		0
14	Ullensvang	100 000	100 000	0	100 000
15	Vaksdal		100 000		100 000
16	Øygarden		100 000		100 000
		<b>800 000</b>	<b>1 250 000</b>	<b>400 000</b>	<b>1 000 000</b>

Johnny Stiansen  
fung. fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Brev frå Riksantikvaren

**Fylkesrådmannen, 14.05.2014****Bakgrunn for saka**

Saka gjeld fordeling av statlege og fylkeskommunale midlar til kommunane til kulturminneregistrering og utarbeiding av kommunedelplan for kulturminne i samband med prosjektet *Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2016*.

I 2013 fordelte Riksantikvaren 1 million kroner til utvikling av kulturminnevern i kommunane i Hordaland. Løyvinga gav grunnlag for oppstart av planarbeid i fleire kommunar, og Hordaland fylkeskommune etablerte prosjektet *Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2014*, jf. vedtak i FUV 30.01.2014, sak 14/2104. Prosjektet går over 4 år, med føresetnad om årlege løyvingar frå Riksantikvaren. I Hordaland fylkeskommune sitt årsbudsjett 2014 / økonomiplan 2014-2017 har fylkestinget lagt inn ei årleg ramme på 1 mill. kr til føremålet dei neste tre åra, til saman 3 mill kr.

**Reduserte statlege midlar**

Statleg tilskot på 1 mill kr i 2013, med lovnad om vidare oppfølging, var utgangspunkt for regionale og lokale prosessar for å ta betre vare på kulturarven. Prosjektet er godt motteke i kommunane. Frivillige lag og organisasjonar er engasjert, og eit omfangsrikt arbeid er sett i gong.

Prosjektet er basert på kostnadsdeling mellom stat, fylkeskommune og kommunar. 11.02.2014 sende Hordaland fylkeskommune søknad til Riksantikvaren om statleg støtte på kr 800 000,- til arbeidet i kommunane og kr 200 000,- til fylkeskommunen for å rettleie kommunane. Etter utlysinga har Riksantikvaren redusert rammene, og Hordaland vil berre få kr 400 000,- i støtte i 2014, jf brev frå direktoratet dagsett 15.05.2014.

Fylkesrådmannen legg til grunn at dette kan svekke måloppnåinga i prosjektet. Det gjev eit uheldig signal at statlege midlar til arbeidet i Hordaland og andre fylke vert vesentleg redusert i 2014.

*Innstilling:*

*Kultur- og ressursutvalet ber om føreseielege statlege rammer i frå Riksantikvaren i samband med kulturminneplanarbeid i kommunane.*

**Kommunedelplan for kulturminne**

Prosjektet skal utvikle lokal forvaltning og gje eit tydeleg og føreseieleg kulturminnevern i kommunane. I tråd med prosjektplanen vedteken av fylkesutvalet skal arbeidet slutførast gjennom vedtak av kommunedelplanar for kulturminne som er baserte på lokal medverknad og med rettsverknad heimla i plan- og bygningslova. Dermed vil kommunane ha robuste planar som gjer det enklare å prioritere kulturminne og å handsama arealsaker.

Nokre få av kommunane har signalisert at dei vil lage ein temaplan for kulturminne utan slik forankring. I tråd med vedtekne målsettingar legg fylkesrådmannen til grunn at arbeidet i kommunane bør sikrast gjennom kommunedelplanar for kulturminne med heimel i plan- og bygningslova.

*Innstilling*

*Kultur- og ressursutvalet føreset at kommunane i prosjektet utarbeider kommunedelplan for kulturminne basert på brei medverknad, og med rettsverknad og politisk forankring heimla i plan- og bygningslova.*

**Om søknadene frå kommunane**

I brev dagsett 18.12.2013 inviterte Riksantikvaren fylkeskommunen til samarbeid i 2014. 27.01.2014 lyste Hordaland fylkeskommune ut tilskot til a) kulturminneregistrering, kr 100.000,- og b) kulturminneplan, 100.000,- i brev til alle kommunar. Søknadsfrist var 12. februar.

I utlysinga frå fylkeskommunen vart kommunane i Hordaland oppmoda om å søkje dersom dei har:

- a) utarbeidd plan for å registrere kulturminne.

- b) behov for analysearbeid som førebuing til utarbeiding av kommunedelplan for kulturminne.
- c) gjort vedtak om utarbeiding av ny kommunedelplan for kulturminne eller rullering av gjeldande plan.

Det vert sett vilkår om at kulturminneregistreringar vert gjort tilgjengelege i databasen Kulturminnesøk eller andre baser som kan utveksle data med Kulturminnesøk og /eller Askeladden, og at årleg rapport om gjennomført arbeid sendast til fylkeskommunen.

#### **Innkomne søknader:**

Til saman har seksten kommunar søkt om kr 2 050 000,- i tilskot i 2014 (til registrering kr 800 000,-, og til planarbeid kr 1 250 000,-). Søknadene fordeler seg slik:

- a) Seks av kommunane har søkt om kr 200.000,- kvar til både registrering og planarbeid i 2014. (Austevoll, Bømlo, Etne, Kvam, Meland, Ullensvang).
- b) Seks av kommunane (Fjell, Kvinnherad, Radøy, Sund, Vaksdal, Øygarden) har søkt om kr 100.000,- kvar til planarbeid. Desse kommunane starta arbeid med kulturminneregistrering med statlege midlar i 2013.
- c) Tre kommunar (Granvin, Fedje og Osterøy) har søkt om 100.000,- kvar til kulturminneregistrering.
- d) Sveio kommune har tidlegare fått støtte frå Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune til registrering og til planarbeid. Kommunen har søkt om kr 50 000,- for å få ferdigstilt plan og registreringar i 2014.
- e) Stord kommune har søkt om midlar til å få lagt kulturminne i *Kommunedelplan for kulturminne i Stord kommune* (2009), kartfesta og lagt inn i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden.

Søknadene frå alle kommunane, unnateke Osterøy kommune som sendte søknad to veker etter søknadsfristen, vert godkjende og tekne opp til handsaming. Osterøy kommune vert oppmoda om å oppretthalde søknaden ved neste utlysing i 2015.

#### **Samla fordeling av fylkeskommunal og statleg løyving:**

I brev frå Riksantikvaren 15.05.2014 med statleg løyving vert det sett vilkår om at midlane skal brukast til å tinge arbeid i Kvam, Bømlo, Austevoll og Meland kommunar, og vidare at må liggje føre plan for gjennomføring av registreringar, politisk vedtak om utarbeiding av kulturminne-/kommunedelplan, planar for å leggje verneverdige kulturminne inn i Askeladden, og rapportering til fylkeskommunen.

Fylkesrådmannen legg til grunn at fylkeskommune og stat ikkje har motstridande vilkår i høve bruken av løyvde midlar og handsamar saka om fordeling av desse samla.

#### **Til fordeling:**

Det er totalt kr 1 400 000,- til fordeling i saka. Av desse er kr 1.000.000,- fylkeskommunale og kr 400.000,- statlege midlar.

#### **Vurdering av søknadene og forslag til fordeling**

Prosjektet skal utvikle det lokale kulturminnevernet. Erfaring viser at det tek tid å få mobilisert frivillige og organisert arbeidet internt i kommunane. Det er dermed naturleg at tilskot og prosjektarbeid er fordelt over fleire år. For gjennomføringa er det likevel viktig at så mange som mogeleg av kommunane kjem tidleg i gang med arbeidet og kan ta del i prosjektfelleskapet. Det vert difor gjort framlegg om at alle som har søkt innan fristen får midlar til registrering eller panlegging. På grunn av avgrensa midlar får ingen begge deler.

Avgrensa midlar gjer at det er gjort framlegg om avslag på søknad frå Sveio og Stord. Sveio har tidlegare fått til saman kr 212 000,- til arbeid med kulturminneplan (kr 100 000,- frå Riksantikvaren og kr 112 000,- frå fylkesplanmidlar). Stord kommune har vedteken kommunedelplan for kulturminne (2009). Det vil vera ei viktig erfaring i prosjektet å overføre kulturminna i kommunedelplanen til databasen Askeladden. Uavhengig av stønad vil fylkeskommunen sin administrasjon kunne hjelpe til med oppstart av slikt arbeid i 2014. Arbeidet i Stord vil ha overføringsverdi til alle likande planar i Hordaland.

## Oversikt tilskot til kulturminneplanarbeid i kommunane i Hordaland 2011-2013

Kommunar i grøne rader har vedteken kulturminneplan:

Kommune	Kulturminneplan (år)	HFK planmidlar 2011-2014	RA midlar 2012	RA midlar 2013	Søknad registrering 2014	Søknad planarbeid 2014	Løyving registrering 2014	Løyving plan 2014
Askøy								
Austevoll					100 000	100 000	100 000	0
Austrheim				100 000				
Bergen								
Bømlo					100 000	100 000	100 000	0
Eidfjord				100 000				
Etne					100 000	100 000	0	100 000
Fedje					100 000		0	100 000
Fitjar		100 000	100 000					
Fjell				100 000		100 000		100 000
Fusa	1998							
Granvin					100 000		0	100 000
Jondal	2009							
Kvam					100 000	100 000	100 000	0
Kvinnherad				100 000		100 000		100 000
Lindås	2011							
Masfjordn	2009							
Meland					100 000	100 000	100 000	0
Modalen	2000							
Odda	2012	110 000						
Os								
Osterøy								
Radøy				100 000		100 000		100 000
Samnanger	2013		100 000					
Stord	2009					100 000		0
Sund				100000		100 000		100 000
Sveio		112 000	100 000			50 000		0
Tysnes								
Ullensvang					100 000	100 000	0	100 000
Ulvik				100000				
Vaksdal			100 000			100 000		100 000
Voss	2004							
Øygarden				100 000		100 000		100 000
<b>TOTAL</b>		<b>322 000</b>	<b>400 000</b>	<b>800 000</b>	<b>800 000</b>	<b>1 250 000</b>	<b>400 000</b>	<b>1 000 000</b>